



ALLTID BEREDT

Ryvarden krets

Invitasjon til kretsens helg – førstehjelpskurs for leiarar/roverar

Målgruppe:	Roverar og leiarar
Tid:	Fredag 25. – søndag 27. september
Stad:	Hedleitun. Adresse: Nesevegen 121, 5550 Sveio.
Påmelding:	Gruppeleiar melder på felles på e-post til ryvarden@speiding.no. Påmeldingsfrist er søndag <u>20. september</u> . Me set pris på at gruppene kan gi tilbakemelding på om dei er interessert i delta eller ikkje før endeleg påmeldingsfrist.
Pris:	Kr. 150,- pr. person (gruppa vert fakturert samla). Deltakaravgifta dekkjer mat, overnatting, utstyr og aktivitetar.

Kretsstyret vil med dette invitere alle roverar og leiarar i kretsen til førstehjelpskurs under haustens kretsens helg. Speidernes beredskapsgruppe sør/vest arrangerer eit variert og spanande førstehjelpskurs for oss. Dei går gjennom ulike situasjonar ein kan kome borti og det vert ein god blanding av aktuelle tema. Det vert fokus på den praktiske gjennomføringa og at dåke skal få teste ut og bli trygge på det dåke lærer. Slik at dåke kan reise frå kurset og vere trygg på at du kan handtere situasjonar som kan oppstå både heime og på speidartur.



Kurset kjem til å ha ein del med kurset "GHLR", som inneheld grunnleggjande hjerte- lungeredning og bruk av hjertestartar. I tillegg vil dei vere innom tema som livredning i vatn, hypotermi, trafikkulykker og fleire. Kurset kjem til å dekke merkekravet for førstehjelpskurs i "Eg er budd"-merket. Så her er det berre å hive seg med på ei spennande og lærerik helg! Her kan me love at både unge og gamle sitt igjen med nye erfaringar og god lærdom etter endt kurs.

Kurset vert på hytta vår Hedleitun. Det er moglegheit for overnatting både ute og inne. På Hedleitun er det svært gode moglegheitar for overnatting i hengekøye. Det er også plass til nokre telt. Det er mogleg å møte opp fredag kveld frå kl.19 eller laurdag morgon. Sjølve kurset føregår i løpet av laurdagen og vil starte i 9-10-tida. (Kjem tilbake med nøyaktig tidspunkt). Gi beskjed ved påmelding om du kjem fredag eller laurdag slik at me får handla nok mat 😊

På sundagen vert det litt andre sosiale aktivitetar. Det er blant anna mogleg å ta seg ein kanotur, fiske, gjere litt dugnadsarbeid eller dele erfaringar med andre leiarar i kretsen. Det vert sjølvsagt også tid til god mat, leirbålsskos og gode samtalar i løpet av helga.

Me håpar å sjå mange av roverane/leiarane i kretsen til ei sosial og lærerik helg!

Pakkeliste:

- Utstyr til overnatting inne/ute
- Klede til aktivitetar ute og inne
- Eit sett ullundertøy (el. lignande) som kan bli vått og tørre skifteklede
- Redningsvest (om du vil ta ein kanotur)
- Eventuelt fiskestang

Ansvarleg for kurset er kretsstyret/SBG. Spørsmål om kurset kan rettast til kretssekretær.

Speiderhelsing

Kretsstyret